

Sak 29/22. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2023**Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret må innan midten av november (har fått utsett frist) senda inn oppsynsbudsjett til Statskog SF for godkjenning. Dette budsjettet skal omfatta alt refusjonsgjevande arbeid, d.v.s. arbeid for fjellstyret - administrativt arbeid og feltarbeid på statsallmenningss grunn i Aurland. Inntektsgjevande arbeid som kortsal, fakturering og tenestesar er ikkje refusjonsgjevande. Framlegg til budsjett ligg ved, ført på standard skjema laga av Statskog SF. Dette er ført i samsvar med Statskog sine retningslinjer, og byggjer m.a. på rekneskapstala for 2021 og budsjettet for 2022. Det vert lagt opp til omlag den same bemanninga og timetalet som i 2022. Av samla timetal på 5325 timar er det berekna at 2300 timar (omlag 1,3 årsverk) er tilskotsgjevande arbeid for fjellstyret, og 3000 timar er tenestesar til andre, som SNO, NINA, Felles landbrukskontor ÅLA, Villreinutvalet og Aurland Setjefisk BA.

	Budsjettert timepris	Timepris i rekneskap
2017	400	375,-
2018	439,-	390,-
2019	448,-	397,-
2020	453,-	429,-
2021	453,-	439,-
2022	466,-	-
2023	<b>486,-</b>	-

Tabellen ovanfor syner at ein dei siste åra har kome ut med ein timekostnad som låg noko under det som var budsjettert. I forslaget til budsjett for 2023 har eg teke utgangspunkt i oppsynsbudsjettet for 2022 med ein budsjettert timepris på kr. 466, og føreslår å leggja inn ein auke på 4,4 % på denne timekostnaden (gjennomsnittleg lønsauke i Noreg i 2022 var 3,9 %). Eg kjem då fram til ein timekostnad for 2023 på kr 486.

Summen ein kjem fram til i rubrikken «Sum tilskudsberettiget arbeid» på skjemaet er grunnlaget for utrekning av det statlege tilskotet til fjelloppsyn i statsallmenning, ut frå ordlyden i § 36 i Fjellova. Tilskotssummen kan tilsvare inntil 50 % av kostnaden, men er avhengig av kva som vert den reelle løyvinga i statsbudsjettet. Det normale har vore at tilskotet har vorte noko avkorta etter Statskog SF sin gjennomgang av rekneskapstal og timetal for refusjonsgjevande arbeid. Ofte har statstilskotet til Aurland fjellstyre berre dekt omlag 35 % av kostnaden med ordninga. I haust kom det godt nytt frå Stortinget om at løyvinga til fjellstyra si oppsynsordning i 2023 vert auka med 5 mill. kroner, eller 50 %.

**Framlegg til vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2023 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Fjellstyrekontoret, den 1.11.22

Harald Skjerdal

# Budsjett for tilskudsberettiget arbeid

## Budsjett for tilskudsberettiget arbeid

Ar: 2023
Statsallmenning: Aurland søndre og Aurland nordre
Fjellstyre: Aurland
Samordning med:

Arbeidsoppgaver:	Budsjett Timer 2023	Budsjett Timepris 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2022	Regnskap Timer 2021	Regnskap Timepris 2021	Regnskap 2021
Oppsyn (informasjon, kontroll, tilsyn)	450	486	218 700	186 400	473	439	207 439
Skjøtsel / ikke inntektsbringende utearbeid	450	486	218 700	233 000	428	439	187 892
Faglig saksbehandling	300	486	145 800	139 800	240	439	105 360
Annet tilskudsberettiget innearbeid	1100	486	534 600	512 600	1213	439	532 507
Reise diett & andre tilskuddsb. kostn Beskriv i særlige merknader			175 000	175 000			149 981
<b>Sum tilskudsberettiget arbeid</b>	<b>2 300</b>		<b>1 292 800</b>	<b>1 246 800</b>	<b>2 354</b>	<b>439,00</b>	<b>1 183 179</b>
Arbeid for fjellstyret, ikke tilskudsberettiget	25				28		
Arbeid for andre	3000				3195		
<b>Sum timer</b>	<b>5 325</b>				<b>5 577</b>		

### Særlige merknader:

Reise, diett og andre tilskotsgjevande kostnader er sett lik summen av desse i budsjettet for 2022.

Dato: 08.11.2023

Signatur  
(leder - oppsyn/sekretær/daglig leder) .....

Harald Skjerdal, (dagleg leiar)